



Naturvernforbundet

Hordaland

Tverrgaten 4
5017 Bergen



Naturvernforbundet

Nordhordland

Hoplandssjøen 74
5943 Austrheim

10. januar 2026

Region Nordhordland IKS
Kvassnesvegen 23
5914 Isdalstø

Innspel til høyring av interkommunal plan for sjøareal med endring Fedje

Høyrina gjeld endring av sjøareal ved Innarsøyane til AKV areal og tilhøyrande ankringsområde. Planendringa gjeld berre for Fedje sin del av planen.

Sjukdom og lakselus i kystkorridoren nordover mot Fedje

I innleiinga til høyringa vert det argumentert med at «forslaget til nytt areal for AKV ligg lenger ute i fjordsystemet og lengre frå andre akvakulturareal. Det gir mindre risiko for smitte frå andre anlegg og til andre».

Det er rett at arealet ligg lengre frå andre akvakulturareal enn tidlegare innspel på Fedje om Hjeltevarden. Avstanden til det næraste anlegget i Grisholmsundet er på om lag 3,6 km og såleis større enn Mattilsynet si generelle tilråding om ein minste avstand på 2,5 km.

Vi er likevel uroa for smittefaren sidan nordgåande straumar fører vatn frå Hjeltefjorden, Mangersfjorden og Fedjefjorden frå område med tidvis mykje sjukdom i anlegg som ligg svært tett. T.d. er delar av Fedjeosen i overvakingssone for ILA, og m.a. Vadholmen i Fedjeosen og Grisholmsundet på Fedje har hatt stor dødelegheit på grunn av m.a. gjellesjukdom, jfr oppslag i pressa:

Grisholmsundet: «Millionbot til oppdrettar på grunn av manglande slakting av syk fisk» (Nordhordland 16.12.25).

Vadholmen: «Her døde 47 000 oppdrettslaks. Dyrevelferden var uforsvarlig» (BT 19.12.25).

Den særsmittsame sjukdommen ILA er no også registrert på Ospeneset i Alver slik at store delar av Fensfjorden og Austfjorden har fått status som vernesone. Fensfjorden støyter til Fedjefjorden og sjøarealet rundt Innarsøyane.

I tillegg til sjukdom syner Barentswach at dei kystnære oppdrettsanlegga i Hjeltefjorden, Mangersfjorden, Fedjeosen, Fedjefjorden og Fensfjorden no har langt hyppigare og meir omfattande utbrot med lakselus enn dei indre fjordstrøka. I 2025 har denne kystkorridoren nordover mot Fedje vore kritisk ramma med stor dødelegheit, mykje på grunn av alt for mange omgangar med mekanisk, termisk eller kjemisk avlusing, opp til 10 gongar ved fleire av anlegga.

Særleg ille har hausten 2025 vore. Brorparten av anlegga i Hjeltefjorden og nordover har opplevd lusenivå langt over det som er tillate. Det betyr ikkje berre dårleg fiskevelferd og høg dødelegheit, men aller mest høgt smittepress i høve utvandrande villaks og laksefisk i naboanlegg.

Når BT 25.06.25 skriv at Blom Fiskeoppdrett får nei til stort oppdrettsanlegg ved Senoksen i Fedjefjorden, er dette ein logisk konsekvens av den kritiske miljøtilstanden i kystkorridoren i Nordhordland. Anlegget vi iflg. Mattilsynet «øke smittepresset og påvirke fiskehelsen».

Sjølv om anlegget ved Innarsøyane vert senka ned, må ein pårekna utbrot av lakselus også i dette anlegget, om enn i mindre grad.

Spreiing av sjukdom og lakselus vert forsterka av høgare sjøtemperaturar, særleg vinterstid. Dette ser ut for å vera ei oppovergåande trend forårsaka av klimaendringane, jfr. oppslag på NRK 08.01.26:

«For oppdrett betyr varmen fleire utfordringar. Lakselus trivst betre i varmt vatn, og sjukdomar spreiar seg lettare. – Det som skjer rundt fisken er vel så viktig som temperaturen. Nye bakteriar, virus, algar og maneter kan bli eit problem. Og når vatnet blir varmare, får vi mindre oksygen, seier Sveen.»

Landskap og naturmangfald på og rundt Innarsøyane

Forslaget om areal til akvakultur ved Innarsøyane er vurdert i KU. Ho konkluderer slik:

«Innspelet vert frårådd på grunn av fare for partikulær organisk belastning for korallførekomst. Noko konfliktpotensial for landskap, naturressursar, forureining og utslepp ogulukkesrisiko.»

Naturvernforbundet støttar frårådinga, men meiner konfliktpotensialet i høve landskap, naturressursar og forureining er større enn vurdert i KU.

Vi meiner landskapsområdet ved Innarsøyane har høgare verdi der det ligg inngrepsfritt i øyrekka mellom Fedje og Holmengrå. Denne delen av ytre Fensfjorden vart i si tid foreslått som nasjonalpark i Ny landsplan for nasjonalparker (St.meld. nr. 62 1991-92). Konfliktpotensialet er derfor høgt.

Vi meiner dessutan at konfliktpotensialet i høve naturressursar er høgt av di området avsett til akvakultur grip inn i viktige fiskefelt, jfr. vurderinga i KU:

«Innspelet vil kunne bandleggje delar av eit mindre fiskefelt for passive reiskap, Lislå-Svarteskjeret. Tiltaket vil kunne bandleggje ein mindre del av det sær store fiskefeltet for passive reiskap, Ytre Fensfjorden. Tiltaket ligg nær et mindre gytefelt for torsk.»

Vi vil også peika på forureiningsfaren i høve større tareskogar ved Innarsøyane, ein naturtype som i møte med global oppvarming og høgare sjøtemperatur til dels er sterkt trua (sukkertare).

I høve vassførekomsten seier KU følgjande:

«Innspelet med etablering av ny akvakulturlokalitet vil medføre auka belastning av organiske og kjemiske tilførsalar på økosystemet. Vassførekomsten Nordre Ålen - Nordosen har god økologisk tilstand og udefinert kjemisk tilstand. Det ligg ikkje inne kjemiske data i vann-nett for vassførekomsten, men kvikksølv ligg over grenseverdi for biotaprøver tatt innanfor vassførekomsten.»

Slik vi ser det, er tiltaket er openbert i strid med § 4 i vassforskrifta. Vi er særleg bekymra for dei høge kvikksølvverdiane. For å få unntak frå forringingsforbodet, er det etter § 12 krav om at

- a. Alle praktiske tiltak som let seg gjennomføra, vert sett inn for å avgrensa negativ utvikling i tilstanden til vassførekomsten.
- b. Samfunnsnytta av dei nye inngrepa eller aktivitetane skal vera større enn tapet av miljøkvalitet.
- c. Føremålet med dei nye inngrepa eller aktivitetane på grunn av manglande teknisk gjennomførbarheit eller kostnader, ikkje med rimelegheit vert oppnådd med andre middel som miljømessig er vesentleg betre.

Vi bed om at desse krava er oppfylte når endring av planen vert vurdert.

Til slutt vil vi understreka kor viktig det er å ta omsyn til naturreservatet på Innarsøyane. Tilstanden vert skildra slik i KU:

«Verneområdet vart oppretta i 1987. På 80-talet var det mellom anna store hekkekoloniar av raudnebbterne, gråmåse, sildemåse og svartbak i verneområdet, og nokre hekkande teist. Hekkeaktiviteten gjekk kraftig ned fram mot 2011, kor det berre var svartbak, grågås og nokre tjeld som hekka i verneområdet. I 2015 starta eit aktivt uttak av mink i verneområdet. Siste granskingar i verneområdet viser positiv utvikling med aukande tal på hekkande svartbak, nyetablerte par av sildemåse og fiskemåse, og ein etablert hekkekoloni av raudnebbterne. Mange av hekkeplassane er i søraustre del av Burøy. I tillegg er det positiv utvikling i hekkeaktivitet på Holmengrå nord for verneområdet, kor toppskarv og teist har etablert hekking. Ein del artar er sensitive mot forstyrringar i hekkeperioden, som til dømes støy frå båt- og arbeidsoperasjonar i nærleiken.»

Utviklinga for hekkande fugl på Innarsøyane må karakteriserast som svært lovande i ein region der sjøfuglbestandane slit. På grunn av høgt konfliktpotensiale bør derfor alle formar for naturinngrep i og nær hekkeområdet på Innarsøyane unngåast. Å opna for akvakultur kan føra til stor skade på arbeidet med å byggja opp ein livskraftig sjøfuglbestand i Fensfjordbassenget.

Konklusjon

På grunn av høgt konfliktpotensiale i høve spreiding av sjukdom og lakselus, landskap og naturmangfald av stor verdi og viktige fiskeriressursar og stor samla miljøbelastning på kystkorridoren frå Hjeltefjorden til Fensfjorden, vil Naturvernforbundet gå i mot etablering av område for akvakultur ved Innarsøyane i Fedje kommune. Vi meiner dessutan at svekkinga av vassførekomsten vil vera i strid med § 4 i vassforskrifta. Særleg dei høge kvikksølvverdiane gjev grunn til bekymring.

For Naturvernforbundet Hordaland og Naturvernforbundet Nordhordland

Jan Nordø
Leiar
Naturvernforbundet Nordhordland

